



25.10.2011

PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNINGA** måndag 10. oktober 2011, kl. 12.15-14.00, seminarrom 217, HF-bygget.

Til stades:	Leiar	Anne-Brit Fenner
	IF	Tor Jan Ropeid
	AHKR	Christian Sæle
	Studentrepresentant, IL	Randi Ødegård
	Visedekan for undervisning	Jan Oldervoll (observatør)
	Frå administrasjonen	Silje Anette Lindgren (sekretær) Hege Sygna for Hilde Hjertager Lund (observatør)
Ikkje møtt:	LLE	Heming Gujord

I	Godkjenning av innkalling og saksliste
	Orienteringssak 6, Representant til arrangementskomité - årleg konferanse for lærarutdanninga, blei gjort om til sak 11/29.
II	Godkjenning av protokoll frå møtet 09.06.11
	Protokollen blei godkjent utan merknader.
III	Orienteringssaker
	<p>1. Ny studentrepresentant i PUHF Leiar i PUHF ønskjer den nye studentrepresentanten, Randi Ødegård, velkommen.</p> <p>2. Møte i Studiestyret 28.september 2011 Jan Oldervoll og Anne-Brit Fenner orienterte. Dei to følgjande sakene frå møtet i Studiestyret 28. september 2011 var av interesse for PUHF:</p> <p>1) DS 1/11 Frafall 2007-2010 Fråfallet på bachelorprogram og årsstudium ved HF varierer frå program til program, men er jamt frå semester til semester på dei enkelte programma. Det er fleire årsaker til fråfallet, blant anna er det mange av studentane som takkar ja til studieplass ved HF som aldri byrjar. Ein del aktive studentar søkjer òg Samordna opptak i staden for intern overgang ved byte av fag.</p> <p>2) S 10/11 Retningslinjer for programsensurar ved HF Fakultetet ønskjer éin programsensor per program, også for språkprogramma. For lærarutdanningane ved HF er dette positivt. Det bør vere eit krav at ein gjennomfører ei heilskapleg vurdering av programma. Då får ein vurdert korleis ulike element fungerer saman.</p> <p>3. Nasjonal lektorkonferanse i Trondheim 29. - 30.september 2011 Silje Anette Lindgren orienterte. Frå HF var det administrativ koordinator, Silje Anette Lindgren, og Myriam Daniele Coco, IF, som deltok på konferansen.</p>

Hans-Kristian Hernes, leiar for Rammeplanutvalet for integrert lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU, heldt eit innlegg om arbeidet med ny rammeplan som skal gjelde frå hausten 2013. For meir utfyllande informasjon om arbeidet til Rammeplanutvalet:

www.uit.no/rammeplan8-13

Vidare presenterte Ove Haugaløkken og Alex Strømme frå NTNU erfaringar frå PiL-prosjektet (Praksis som integrerande element i lærarutdanninga) som NTNU har vore ein del av. For meir utfyllande informasjon: www.pilprosjektet.com

Sven-Erik Hansén og Tom Wikman presenterte suksessfaktorar i utviklinga av finsk lærarutdanning som er forskingsbasert, praksisnær og integrert, og statsråd Tora Aasland heldt eit innlegg om kva ambisjonar Kunnskapsdepartementet har for dei 5-årige lektorutdanningane ved universiteta. Dei ulike utdanningsinstitusjonane som var representerte heldt òg eit innlegg kvar om tiltak og utfordringar knytte til dei integrerte lektorutdanningane. Med bakgrunn i dei ulike innlegga og presentasjonane, diskuterte deltakarane 11 problemstillingar som er aktuelle i samband med utarbeidinga av ny rammeplan. Blant anna var styringsordning på nasjonalt plan, forholdet mellom fag, fagdidaktikk og pedagogikk og innhald i masteroppgåvene oppe til diskusjon.

4. Brev om dimensjonering av opptak til PPU er sendt til institutta

Anne-Brit Fenner orienterte.

Ved dimensjonering av opptak til PPU er det viktig at fagmiljøa får uttalt seg. Anne-Brit Fenner vil ta kontakt med administrasjonen på IF for å sikre at dette blir gjort.

5. Kompetansekrav til norsklærarar – ein tilrådd standard for '60-gruppa'

Anne-Brit Fenner orienterte.

Rune Røsstad (Universitetet i Agder) og Bernt Øyvind Thorvaldsen (Høgskulen i Volda) har på oppmoding frå Nasjonalt fagråd for nordisk språk og litteratur utarbeidd ei tilråding som gjeld kompetansekrav for norsklærarar. Tilrådinga er avgrensa til studieeininga som gir grunnlag for opptak til PPU ('60-gruppa') og 60-grupper innanfor integrerte lærarutdanningar.

LLE har så langt ikkje hatt kommentarar til tilrådinga, og vil truleg støtte ho. PUHF vil likevel oppmode fagdidaktikarane på nordisk om å drøfte punkt 8.1 i tilrådinga nærare. Der står det om fagdidaktikk: "Fagdidaktikk skal normalt ikkje inngå i 60-gruppa i nordisk språk og litteratur." I og med at fagdidaktikk er ein del av faget på integrert lektorutdanning, bør denne problemstillinga takast opp.

6. Samrådsmøte/konferanse om PPU i Tromsø 24. - 25. november

Anne-Brit Fenner orienterte.

24. - 25. november 2011 blir det arrangert konferanse om PPU i Tromsø. Det er naturleg at PUHF deltek på denne.

IV	Saker
<u>S11/25</u>	<p>Oppnemning av representant og vararepresentant til opptakskomiteen for eittårig PPU 2011-2013</p> <p>Vedtak:</p> <p>Christian Sæle (AHKR) blei oppnemnt som representant for Det humanistiske fakultet i opptakskomiteen for eittårig PPU 2011-2013.</p> <p>Endre Brunstad vil vere vara for Christian Sæle i opptakskomiteen.</p>
<u>S11/26</u>	<p>Registrering av studentar som skal ut i skuleerfaring</p> <p>Det blei foreslått at administrativ koordinator legg ut ei liste for påmelding på Mi side ei stund før praksiskonsulenten begynner utplasseringa. På den måten må studentane aktivt registrere seg for skuleerfaring. Det blir då svært viktig å informere om at studentar som ikkje står på listene for skulebesøk når dei blir lagt ut, men som likevel skal ha skuleerfaring, straks etter å ha oppdaga dette melder ifrå til praksiskonsulenten.</p>
<u>S11/27</u>	<p>Brev frå Fagutvalet for integrert lektor- og adjunktutdanning om misnøye knytt til praksis, utveksling og vekting av pedagogikk i studiet PUHF</p> <p>ser alvorleg på at enkelte studentar i utgangspunktet mistar forelesingar ved UiB i praksisperioden. Det er ikkje haldbart. For å unngå kollisjonar mellom forelesingar og praksis, vil ein oppmode institutta om å leggje forelesingane i aktuelle emne til kl.14.15 - 16.00 i den grad det lèt seg gjere, og at praksiskoordinator utplasserer studentane på integrert lektorutdanning før studentane på PPU.</p> <p>Administrativ koordinator vil ta kontakt med internasjonal koordinator for å gå gjennom det eksisterande utvekslingstilbodet på integrert lektorutdanning. I samband med det vil ein også sjå på moglegheita for å utarbeide ytterlegare avtalar av den typen som studentar med engelsk og fransk som fag 1 har tilbod om. Praksis ved utanlandske universitet for studentar med master i språkfag er svært vanskeleg å få til avtalar om, både fordi skular i utlandet føretrekkjer at læraren som underviser i morsmålet til elevane har språket som morsmål sjølv og fordi utanlandske universitet har vanskar med å få plassert sine eigne studentar i praksis.</p> <p>Vedtak:</p> <p>PUHF vil svare Fagutvalet for integrert lektor- og adjunktutdanning på brevet. Ein vil også vidareseende brevet frå Fagutvalet til Det psykologiske fakultet og Programstyret for adjunkt- og lektorutdanning for behandling der. Punktet om vekting av pedagogikk i studiet ventar PUHF at Det psykologiske fakultet svarar meir utfyllande på.</p>
<u>S11/28</u>	<p>Diskusjonsskisse for nytt opplegg for integrert lektorutdanning ved HF</p> <p>På bakgrunn av fråfallsrapporten og meldingar frå studentar og vitskapelege tilsette, har visedekan Jan Oldervoll utarbeidd ei skisse for nytt opplegg for integrert lektorutdanning ved HF. Følgjande problemstillingar knytte til skissa blei diskuterte i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Om ein bør setje i gang ei omfattande omlegging av den integrerte lektorutdanninga før ein veit kva føringar den nasjonale rammeplanen som blir gjeldande frå hausten 2013, legg. • Om det er tenleg og ønskeleg å redusere omfanget av masteroppgåva til 30 studiepoeng. HF har tidlegare stått sterkt på at masteroppgåva skal vere på 60 studiepoeng.

	<ul style="list-style-type: none"> • Om det vil påverke søkjartal og fråfall viss studentane berre kan skrive masteroppgåve innanfor fagdidaktikk. • Korleis ein skal løyse det i forhold til rettleiing dersom alle masteroppgåver skal vere fagdidaktiske. • Om det er tenleg å samle PPU-delen av studiet på eitt år. • Om eit obligatorisk seminar utan studiepoeng på bachelordelen av studiet kan ta vare på integreringa. <p>I staden for å arbeide for ei omlegging av den integrerte lektorutdanninga ved HF no, blei det foreslått at PUHF og HF formidla innspela til Rammeplanutvalet for integrert lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU.</p>
<u>S11/29</u>	<p>Representant til arrangementskomité - årleg konferanse for lærarutdanninga</p> <p>Vedtak: Silje Anette Lindgren blei oppnemnt som representant for Det humanistiske fakultet i arrangementskomiteen for den årlege lærarutdanningskonferansen ved UiB.</p>
V	<p>EVENTUELT</p> <p>Det var ingen saker under eventuelt.</p>
	Anne-Brit Fenner
	Silje Anette Lindgren